



Atle Nordanger
Nordbøvegen 34
5937 BØVÅGEN

Referansar:
Dykkar:
Vår: 17/2021 - 17/13818

Saksbehandlar:
Jill Kristin Grindheim Bøe
jill-kristin.boe@radoy.kommune.no

Dato:
08.11.2017

Referat etter møte i foreldreutvalet (FAU) 06.11.17

Desse møtte:

Siril Therese Sylta (1.kl), Ina Jeanette Sævdal (2.kl), Atle Nordanger (3.kl), Mette Kvalheim (4.kl), Mona Linn Soltveit (5.kl), Peter Söderman (vara for Egil Aase, 6.kl), Øystein Palmesen(7.kl) og Ståle Villanger(rektor).

1. Gjennomgang av saksliste
2. Val; desse blei vald:
Leiar: Atle Nordanger
Nestleiar: Mona Linn Soltveit
Kasserer: Øystein Palmesen
Skrivar: Ståle Villanger
SMU- repr: Atle Nordanger, Mona Linn Soltveit og Ina Jeanette Sævdal.
3. Rektor informerte om korleis skulen jobbar for eit godt skulemiljø og om korleis skulen opplever skulemiljøet så langt dette skuleåret:
Zerosamling, elevsamtalar, foreldresamtalar, anti- mobbeprogram, samling rektor-storskulen 1 gong i veka, skulemiljø er tema på personalmøta, ulike mobbeundersøkingar (lokal/ nasjonal), assistentane går ut til friminutt 5 min før det ringer ut- slik at dei er klar når elevane kjem ut, auka antal vaktar i friminutta, konsekvensar for uakseptabel oppførsel på fotballbana (gult/ raudt kort), prosedyreplan på handtering av saker, observasjonsskjema for friminutta, aktivitetsplikta og "skulemiljø" er 1. pri som satsingsområde dei komande 2 åra.
4. Gjennomgang av Aktivitetsplikta, varslingsskjema, tiltaksplan og observasjonsskjema for friminutta. Rektor viste fram skjema og prosedyrer me bruker på Hordabø.
5. Informasjon om mobbeundersøkinga Spekter, om sjølve gjennomføringa, utforming av spørsmål og resultat. Generelt positive resultat tyder på eit godt skulemiljø, ut frå elevane sine svar på 3.- 7. trinn.
6. Juleavslutning 2017: informasjon og FAU sine oppgåver.

14.12.2017 i Hordabøhallen for heile skulen. Alle familiemedlemmar som ynskjer å kome er velkomen denne kvelden.

Dette blei diskutert og er bestemt:

Skulen står for underhaldning, riggar lyd og lys og 7.klassen pyntar juletre.

FAU sit opp bord og stolar med dukar og lys på, kvelden før.

FAU ryddar vekk bord og stolar, juletre, lyd og lys og vaskar gulv etter endt forestilling.

FAU- leiar organiserer dagnadslister. FAU- leiar sender ut info på FAU si facebookside. FAU-representant vidareformidlar info til sin klasse. ALLE bidrar!

Kvar familie tek med seg det ein sjølv ynskjer å ete og drikke.

FAU ynskjer at ein tek vare på tradisjonen om at ein går rundt juletre. Rektor tek dette vidare til lærarane. Viktig òg at ein ligg opp til songar som alle kan, så slepp ein å vise song/ tekst med lerret og projektor.

Rektor vil sende ut meir informasjon om sjølve gjennomføringa når det nærmar seg den 14.12.

7. Haustdagen- evaluering.

Eit flott tiltak! Ca 15.000,- kom inn til til Håp og framtid sitt prosjekt "Barn hjelper barn" i Moldova. (100% av pengane når fram). Me hadde for lite kaker, då 3 av 7 klassar ikkje leverte. Måtte supplere med bollar frå frysen på SFO. 7. kl laga 215 is og me laga suppe. Neste år vil 6. kl i Mat og Helse bake bollar og kaker. Mulig at det i tillegg vert behov for at foreldra baker nokre platekaker.

8. Andre saker, frå rektor:

Dagnadsgrupper- for utvikling av uteområdet. Noko me ynskjer å få til på Hordabø? Blei ikkje så mykje tid til å diskutere dette, men rektor og FAU- leiar tek opp att denne tråden.

Andre saker frå FAU:

Hugs å slå av motoren når du står parkert og ventar på barnet ditt ved endt skuledag.

Møtetid for FAU, utviklingssamtalar mm: kan desse haldast seinare på dag? Kan vere ei utfordring for dei foreldra som jobbar "seint". Svar frå rektor: FAU og SMU kan haldast seinare på dag. Utviklingssamtalar e.l. må vere på den tida den er i dag.

Tilpassa lekser- får dei som treng ekstra skrivetrening det, dei som treng ekstra lesetrening det etc? Rektor sitt svar er at alle elevar har rett på tilpassa opplæring. Rektor vil sjå nærare på korleis dette verkeleg fungerer i praksis på Hordabø og vil ta dette vidare med sine tilsette.

Lås på toaletta. Enkelte elevar vegrar seg for å gå på do, då dørene kan låsast opp utifrå.

Rektor vil ta ein prat med alle klassane om dette, då alle skal vera "trygg" når dei er på toalettet.

Referent

Ståle Villanger

Med helsing

Ståle Villanger
rektor Hordabø skule

Jill Kristin Grindheim Bø
sekretær Hordabø skule

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Peter Söderman	Bøtjørnvegen 50	5937	BØVÅGEN
----------------	-----------------	------	---------

Mottakrar:

Atle Nordanger	Nordbøvegen 34	5937	BØVÅGEN
Egil Aase	Rossnesvegen 21	5937	BØVÅGEN
Ina Jeanette Namtvedt	Bøtjørnvegen 20	5937	BØVÅGEN
Mette Kvalheim	Marøyvegen 357	5937	BØVÅGEN
Mona Linn Soltveit	Rossnesvegen 17	5937	BØVÅGEN
Siril Therese Sylta	Bøtjørnvegen 90	5937	BØVÅGEN
Øystein Palmesen	Bøtjørnvegen 88	5937	BØVÅGEN